



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 17.04.2012  
**Møtetid:** 13:00 - 14:55  
**Møtestad:** Samnanger helsetun

Av 10 medlemmer møtte 10, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Roy Vegar Hope	Eva Hellevang

### Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Tone Ramsli
- Stabssjef Jan Erik Boge
- Kommunefysioterapeut Åse Waage Tveit

### Merknader:

Før møtet var det omvising på Samnanger helsetun v/kommunefysioterapeut Åse Waage Tveit. Møtet vart sett kl. 13.55.

### Orienteringar/meldingar:

#### Folkehelseiltak for tilsette

På møte i adm.utvalet 08.02.2012 vart det vedteke at utvalet skulle drøfta vidare eventuelt engasjement i høve til folkehelse. Temaet vart derfor drøfta på møtet 17.04.2012. Det vart mellom anna diskutert om kommunen skal arbeida med folkehelseiltak for tilsette, eller om kommunen berre skal arbeida med tiltak for innbyggjarar "generelt".

#### Revisjon av lønspolitisk plan

Jan Erik Boge gjekk gjennom statusnotat og innkomne innspel til revisjonen av lønspolitisk plan. Mellom anna vart følgjande tekne opp/diskutert:

- **Prioritering av bestemte stillingsgrupper.** Det vart i møtet ikkje gitt signal frå adm.utvalet om at utvalet meiner bestemte stillingsgrupper skal prioriterast i samband med revisjonen av lønspolitisk plan.
- **Lokale lønsmål for store stillingsgrupper.** Kommuneadministrasjonen meiner det er viktig å ha ei felles forståing av kva som er lønsmålet for store stillingsgrupper som til dømes reinhaldarar og assistentar i skule/ barnehage.
- **Kven gjeld planen for?** Fagforbundet har gitt tilbakemelding om at mange av deira medlemmer opplever at lønspolitisk plan ikkje gjeld for dei. Kan det gjerast noko for å endra på dette?
- **Lønnsforskjellar mellom tilsette i statleg og kommunal del av NAV.** Tone Ramsli orienterte på bakgrunn av spørsmål frå Birthe Skar-Moum om status i Samnanger.

- **Resultatløn.** Adm.utvalet ønsker ikkje at det vert innført slikt system i Samnanger. System for resultatløn kan eventuelt vurderast for einingsleiarar.
- **Lønsrelasjonar mellom leiarar og andre tilsette.** Nokre problemstillingar knytt til dette temaet vart diskutert. Det vart også orientert kort om reglane i avtaleverket.
- **Kriteria for lokale lønstillegg.** Det er frå kommuneadministrasjonen si side viktig at planen vert så klar som mogleg når det gjeld kva som skal til for å kunne få lokalt lønstillegg.

Framlegg til revidert lønspolitisk plan kjem opp til behandling på neste møte i adm.utvalet.

Samnanger kommune som lærlingebedrift

Statusnotatet om Samnanger kommune som lærlingebedrift vart ikkje gått gjennom. Etter forslag frå ordføraren vart denne saka utsett til neste møte i adm.utvalet.

Stad for møte i adm.utvalet 17.06.2012

Neste møte i adm.utvalet (17.06.2012) vert halde på Samnanger ungdomsskule.

<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Notat om status revisjon av lønspolitisk plan
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	Ingen saker

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 24.04.2012

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/12	12/247	Faste saker	

**SAKNR. 004/12**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**17.04.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Samrøystes vedtak.

**ADM-004/12 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

